

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato	28.02.2022
Vår referanse	2022/8567-2
Dykkar referanse	201743843
Sakshandsamar	Sigrid Næsheim Bjercke
E-post	Sigrid.Nesheim.Bjercke@vlfk.no
Telefon	96221084

Trekking av innsigelser - Mindemyren delfelt S15, Kanalveien 52c – Årstad bydel- Bergen kommune

Vestland fylkeskommune har vurdert planmateriale dagsett 25.01.2022, der det vert gjort greie for korleis våre motsegn knytt til manglande universell utforming og infrastruktur og veg er følgd opp etter offentleg ettersyn.

Vestland fylkeskommune fremja motsegn i brev dagsett 16.09.2020 :

1. - mot manglande krav til utforming av avkøyrsløp til fylkesveg 5328 Kanalveien.
2. - til føresegn som opna for utkraging over fylkesvegen sitt fortausareal.
3. - manglande tilrettelegging for universelt utforma tilkomst gjennom planområdet mellom Kanalvegen og Svaneviksvegen.

Det har vore god dialog i etterkant av høyringa og vi er samd med Bergen kommune om at motsegna knytt til avkøyrsløp er svarta ut. Det er positivt at krav til skjøtsel av trær vert del av bestemmingane for å sikre omsyn til drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Den vidare bearbeidinga av planforslaget etter offentleg ettersyn, meiner vi tek i vare omsyn til universell utforming på ein god måte og har styrka kvalitet på uteareal og kopling til omgjevnadene.

Vi er einige med Bergen kommune i at det universell utforming bør vere del av ein formingsveileder som følgjer reguleringsplanen. Om denne vert eit eige dokument, del av planbeskrivelse el. knytt til utfyllande krav til utomhusplan, kan vurderast. Det vil vere av stor interesse å få materiale til gjennomsyn, men det er ikkje eit krav.

Vestland fylkeskommune vurderer at planforslaget er justert og endra i høve til våre merknader knytt til infrastruktur og veg og universell utforming og trekkjer motsegn gitt til offentleg ettersyn i brev dagsett 16.09.2020.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonssjef
SUD - Plan, klima og folkehelse

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunale planer
SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandler

SUD – Plan, klima og folkehelse – Sigrid Næsheim Bjercke

INV- infrastruktur og veg – Leo Ari Vetaas

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2